

Endre Brunstad, Ann-Kristin Helland Gujord og Edit Bugge (red.)

# Rom for språk

NYE INNSIKTER I SPRÅKLEG MANGFALD



NOVUS FORLAG  
OSLO – 2014

## Å snakke bokmål og å snakke nynorsk

av *Randi Neteland*, Høgskolen i Bergen

Artikkelen er ein folkelingvistisk analyse av korleis omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' vert brukte i karakterisering av talemålsvarietetar. Omgrepa vert brukte på ulike måtar på Vestlandet. Eitt av dei viktigaste funna er at 'bokmål' ikkje berre vert nytta om oslomål/austlandsk, men også om vestnorske bymål og moderne versjonar av bygdemål. Talemåla som får merkelappane 'bokmål' og 'nynorsk' har nokre språktrekk som fell saman med skriftspråka bokmål og nynorsk, men, slik eg tolkar det, er det like mykje konnotasjonar til kulturelle verdiar som styrer bruken og forståinga av 'bokmål' og 'nynorsk' om talemål. Det viktigaste kriteriet for å kalle eit talemål 'bokmål', er at det vert oppfatta som urbant og moderne, medan eit talemål som vert oppfatta som ruralt og tradisjonelt, vert kalla 'nynorsk'.

### Innleiing

I samtalar med ikkje-lingvistar høyrer ein gjerne utsegner som "dei snakkar meir nynorsk enn oss" eller "der snakkar dei bokmål". Under feltarbeidet i arbeidet med doktorgradsavhandlinga mi om industristadtalemåla i Årdal og Sauda (Neteland 2014), høyrde eg ofte denne typen folkelingvistiske karakteriseringar av talemål. Ryggmergsrefleksen min er å avfeie utsegnene som *feil* fordi orda 'bokmål' og 'nynorsk' er nemningar for skriftspråk, ikkje for talemål (jf. Røsstad (2008: 23) om språkforskarars fordommar). I denne artikkelen vil eg ta desse folkelingvistiske utsegnene på alvor og prøve å finne ut kva informantane meiner når dei karakteriserer talemål som 'å snakke bokmål' og 'å snakke nynorsk'.<sup>1</sup>

Artikkelen er skriven i ein folkelingvistisk tradisjon der ein ser analysar av ikkje-lingvistar sine utsegner om språk som ei kjelde til forståing av språket i samfunnet (Niedzielski og Preston 2000: 1–40). Eit vilkår for ein folkelingvistisk analyse er at ein har ei systematisk innsamling og tolking av data (Nied-

1. Eg vil presisere at artikkelen ikkje er meint som eit innlegg i debatten om vi har eit standardtalemål i Noreg (jf. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* (1/2009) og Papazian (2012)). Eg skal heller ikkje presentere forslag til kva forskarar bør kalle talemålsvarietetar som vert kalla 'bokmål' og 'nynorsk' av ikkje-lingvistar (jf. meiningstutvekslinga mellom Skolseg 2001 og Papazian 2001).

zielski og Preston 2000: 2). Det er sjølvsagt også vesentleg at ein tek alle utsegner alvorleg: Viss ein informant seier “dei snakkar nynorsk på Os”, så må forskaren ta utgangspunkt i at informanten meiner det han seier. I den folkelingvistiske tradisjonen vil forskaren bruke samtalekontekst for å forstå kva informantane meiner når dei bruker omgrepet ’nynorsk’ på den måten. Folkelingvistiske undersøkingar interesserer seg for korleis folk oppfattar språket og spesielt for korleis dei ser på forholdet mellom språk og sosial identitet (Preston 2002: 41). Difor kan funn frå slike undersøkingar både brukast av lingvistar og av språkpolitiske aktørar som vil få kunnskap om kva språkhaldningar som finst i samfunnet.

I denne artikkelen drøftar eg ulike samfunnstilhøve som kan forklare *kvifor* vestlendingar bruker omgrepa ’bokmål’ og ’nynorsk’ når dei karakteriserer talemål. Eg vil også presentere mi forståing av *kva mening* informantane legg i omgrepa ’bokmål’ og ’nynorsk’.<sup>2</sup>

Artikkelen er bygd opp slik: Først gjer eg kort greie for korleis omgrepa ’bokmål’ og ’nynorsk’ vert brukte på Internett som karakteriseringar av eit eller anna talemål og kva resultat andre talemålsforskarar har presentert om denne omgrepsbruken. Deretter presenterer eg eit empirisk materiale basert på intervjuar som er lagra i UiBs sosiolingvistiske intervjusamling Talebanken. Opptaka eg har brukt, er av informantar frå Bergen (Fana og Bergenhus), Midsund, Molde (Bolsøy), Sauda, Stavanger, Øygarden og Årdal. Vidare gjer eg greie for bruken av omgrepa ’bokmål’ og ’nynorsk’ i opptaka frå Bergen, Midsund, Molde, Stavanger og Øygarden og korleis bruken i opptaka frå industristadene Årdal og Sauda skil seg frå bruken dei andre stadene. Til sist tolkar og drøftar eg utsegnene og generaliserer. I forsøka på å forklare omgrepsbruken trekkjer eg både inn samfunnsmessige tilhøve og meir språkfilosofiske perspektiv.

## Å “snakke nynorsk” – omgrepsbruk på nett

Ein måte å undersøkje om ord og ordsamansettingar i det heile teke førekjem i bruk i allmenta, kan vere å gjere eit søk på Internett. Eg skreiv “snakke nynorsk” i søkefeltet på Google og fekk mange treff på bloggar og debattforum. Samansettinga “snakke nynorsk” ser ikkje ut til å vere brukt i offisielle dokument. Samansettinga er heller ikkje brukt i aviser, tidsskrift, norskfaglege nettstader m.v. Derimot er ho brukt av folk flest i uoffisielle samanhengar. Eit døme

2. Å seie noko persist om kva mening folk legg i omgrepa er ei utfordring. (Sjå Kjøll (2013) for ein gjennomgang av språkfilosofiske diskusjonar om korleis ord får mening.) Den beste løysinga på denne utfordringa er kanskje å supplere undersøkingsmetoden med andre metodar som får fram uavhengige data om språkhaldningar.

er frå nettsamfunnet *bokelskere*: “Jeg kan hverken skrive eller snakke nynorsk. Kan ikke skryte på meg en dialekt engang. Er med andre ord en bokmåls-person.”<sup>3</sup> Eit anna døme er eit debattforuminnlegg med overskrifta “Til de som snakker nynorsk!”<sup>4</sup> der innleggsskrivaren ber om hjelp til å få omsett ein tekst frå bokmål til nynorsk.

Samstundes med at ein finn mange slike døme på bruk av omgrepa, finn ein også mange døme på korrigeringar av denne omgrepsbruken, til dømes “Man kan ikke snakke nynorsk, da nynorsk ikke er et talemål.”<sup>5</sup> Det er tydeleg at nokre på nettsamfunna ikkje godtek denne omgrepsbruken.

Ei offisiell nettside som dukkar opp når ein googlar “snakke nynorsk”, er Språkrådet sine nettsider der dei svarer på spørsmål frå allmenta. Her kjem dei tilsette i Språkrådet i kontakt med folkelingvistisk bruk av språklege omgrep. Nokon har sendt inn spørsmålet “Hvor mange snakker nynorsk?” til Språkrådets nettsider. Svaret dei gjev er: “Så å si ingen “snakker” nynorsk. Vi må skille mellom talemål og skriftspråk. Det norske talemålet består av mange dialekter: bergensk, nordnorsk, østlandsk osv. Derimot har vi to skriftformer: nynorsk og bokmål.”<sup>6</sup> Vidare skriv Språkrådet kor mange ein estimerer at *skriv* på nynorsk.

Eg tolkar dette svaret frå Språkrådet som at dei vil lære folk opp til å skilje mellom skriftspråk og talemål og slutte å nytte omgrepa ’nynorsk’ og ’bokmål’ om talemål. At ’snakkar’ står i hermeteikn, er eit tydeleg teikn på at dei ikkje godtek premissane for spørsmålet, og at dei vidare ikkje skriv om talemål, men om skriftspråk, tolkar eg som ei ytterlegare stadfesting av at dei ikkje godtek omgrepsbruken i spørsmålet.

Svaret på Språkrådet sine nettsider er eit godt døme på forskjellane mellom “offisiell” og folkelingvistisk omgrepsbruk. I den “offisielle” omgrepsbruken er ’bokmål’ og ’nynorsk’ to skriftspråksvarietetar som ikkje har noko med talemål å gjere. Hernes (2012) viser at folkelingvistiske oppfatningar om kva omgrepet ’dialekt’ viser til, heller ikkje samsvarar med eit “offisielt” skilje mellom talemål og skriftspråk: Hennar informantar oppgjev at dei *skriv* på ’dialekt’ på SMS og Facebook (Hernes 2012: 60).

Her har eg sett ’offisiell’ i hermeteikn fordi det er sjeldan å finne dette nedskrive i lærebøker for skulen eller andre fagbøker. Det finst likevel døme på at talemålsforskarar meiner ’bokmål’ er eit akseptabelt omgrep for eit talemål (så lenge forskarane er einige om kva dei legg i omgrepet, sjå t.d. Vikør 2007, Mæhlum 2007a eller Papazian 2001). Det er såleis ikkje tabu å seie at eit tale-

3. <http://bokelskere.no/tekst/92611/>

4. <http://www.hestene.no/forum/showthread.php?43133-Til-de-som-snakker-nynorsk!>

5. <http://ylvalia.wordpress.com/2012/10/16/nynorsken/>

6. [http://www.sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Raad/Spoersmaal\\_og\\_svar/#nynorsk1](http://www.sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Raad/Spoersmaal_og_svar/#nynorsk1)



mål er bokmål eller nynorsk om ein er talemålsforskar, men det vanlegaste synet er nok det som Enger og Kristoffersen står for: “Det er ikke vanlig å regne med at noen taler nynorsk eller bokmål [...]” (Enger og Kristoffersen 2000: 70).<sup>7</sup>

Søket på “snakke nynorsk” frå Internett får fram eit enkelt poeng: Nordmenn bruker omgrepet ’nynorsk’ når dei omtalar ein eller annan talemålsvariantet. Dei opererer altså ikkje med eit skarpt skilje mellom skriftspråk og talemål. Dette er eit godt døme på det Røstad kallar eit sprik mellom språkforskarar og språkbrukarar sitt syn på lingvistiske fenomen (jf. Røstad 2008: 24). På dette området er det oppfatningane om kva omgrepa ’bokmål’ og ’nynorsk’ kan vise til som sprikar.

Det som er umogleg å vite ut frå eit søk på Internett, er kor vanleg det eigentleg er å nytte omgrepa ’nynorsk’ eller ’bokmål’ om talemål, kven som nyttar desse omgrepa på denne måten, og kva dei meiner med det. For å finne svar på desse spørsmåla har eg analysert intervju med eit representativt utval informantar i ulike aldersgrupper frå fleire stader på Vestlandet. Før eg presenterer dei, vil eg kort presentere kva resultat tidlegare forskning har kome fram til når det gjeld denne omgrepsbruken.

### Å snakke ’bokmål’ og ’nynorsk’ i andre talemålsundersøkingar

Eg kjenner ikkje til forskning som primært undersøker folkelingvistisk bruk av omgrepa ’bokmål’ og ’nynorsk’, men i nokre avhandlingar og artiklar om talemål, nemner forfatarane at informantar kan bruke ’bokmål’ og ’nynorsk’ om talemål, og nokon av dei skildrar også korleis omgrepa vert brukte. Eg har valt ut seks avhandlingar, tre frå Vestlandet og tre frå andre landsdelar, som både nemner fenomenet og seier noko om korleis informantane bruker omgrepa.

Dei vestnorske undersøkingane er Ingunn Stokstad si undersøking av aurlandsmålet (Stokstad 2007), Randi Solheim si undersøking av industristad-talemålet i Høyanger (Solheim 2006) og Reidunn Hernes si undersøking av osmålet (Hernes 2006). Eg har også gått gjennom tre talemålsgranskningar frå andre landsdelar for å sjå korleis informantane bruker omgrepa ’bokmål’ og ’nynorsk’ der. Det er Stian Hårstad si undersøking av trondheimsmålet (Hårstad 2010), Unn Røyneland si undersøking av talemåla på Røros og Tynset (Røy-

7. Talemålet i fjernsynets nyhendesendingar og liknande program kan karakteriserast som ein leseuttale av bokmål og nynorsk, og desse talemåla er det einigheit i forskingsfeltet om at ein kan kalle for bokmål og nynorsk (sjå t.d. Sandøy 2007). Drøftinga i denne artikkelen omhandlar ikkje bruk av omgrepa ’bokmål’ og ’nynorsk’ om slike oppleste skriftspråk, men om dialektar.

neland 2005) og Rune Røstad si undersøking av dialektendring i Vest-Agder (Røstad 2008).

I Aurland nyttar alle informantane (ungdommar) “nemningane ’nynorsk’ og ’bokmål’ om talemål” (Stokstad 2007: 90). Ut frå dei grundige informantportretta ser ein at omgrepet ’bokmål’ vert nytta om austnorske talemål, men at omgrepet også vert nytta om noko som kan blande seg inn i det lokale talemålet. Det siste meiner eg kan tolkast som eit folkelingvistisk uttrykk for endringar i det lokale talemålet. Motsett vert ’nynorsk’ nytta om lokalt eller regionalt talemål, og om det tradisjonelle aurlandsmålet (Stokstad 2007: 70–99).

På industristaden Høyanger vert ’bokmål’ og ’nynorsk’ nytta på om lag same måten: “Mange manglar eit metaspråk om komponentane i blandinga, og få kjem nærare enn å seie at det er ei blanding av *nynorsk* og *bokmål*. I dei fleste slike samanhengar går det fram av konteksten at omgrepet “nynorsk” viser til den lokale dialekten, medan “bokmål” refererer til eit standardisert austnorsk talemål. I tillegg kan desse omgrepa vise til skriftmålsnære varietetar” (Solheim 2006: 352).

På Os nyttar informantane omgrepet ’nynorsk’ om sitt eige talemål og ’bokmål’ om bergensk. Hernes påpeiker at mange av informantane snakkar om ’bokmål’ og ’nynorsk’ som noko ein kan ha meir eller mindre av i talemålet sitt (Hernes 2006: 174). Ein kan til dømes snakke nynorsk i utgangspunktet, og så få meir bokmål inn i talemålet. Som vi skal sjå seinare, samsvarer Hernes sine funn godt med mine egne.

Ein skilnad mellom omgrepsbruken på dei tre vestnorske stadene er at ’bokmål’ ikkje vert brukt om vestnorske talemålsvariantar i Aurland og Høyanger. Likevel nyttar informantane omgrepet ’bokmål’ om noko som kan blande seg inn dei lokale, vestnorske talemåla.

I undersøkingane frå dei andre landsdelane ser det ut til at omgrepet ’bokmål’ er nytta for å karakterisere eitt eller anna talemål, mens omgrepet ’nynorsk’ ikkje er i bruk. I Trondheim kallar informantane (ungdommar) talemåla utanfor byen for “breidt” eller “bonat” (Hårstad 2010: 179). Det er også tydeleg at informantane sidestiller omgrepet ’bokmål’ med oslomål og austlandsk (Hårstad 2010: 180).

På Røros og i Tynset ser det også ut til at informantane sidestiller bokmål med oslomål: “Her ser vi at Mia set likskapsteikn mellom bokmål og oslodialekt” (Røyneland 2005: 56). I tillegg snakkar dei om bokmål som ei påveringskraft på talemålet sitt: “Dei fleste, både på Røros og Tynset, meiner dessutan at nettopp bokmål/oslomål er den varietetten som påverkar deira eigen dialekt mest. Men fleire nemner også trondheimsmål og “andre dialektar” som påverknadskjelder” (Røyneland 2005: 55–56). Eg tolkar dette sitatet som at



informantane ikkje snakkar om bymål, til dømes trondheimsålet, med omgrepet 'bokmål'.

I Vest-Agder kan det derimot sjå ut til at informantane nyttar omgrepet 'bokmål' om bymålet i Kristiansand, eller at dei påpeiker at det er formsamanfall mellom bokmål og kristiansandsmålet: Ein informant meiner at "Det [lokale talemålet] endrar seg mot bokmålet og mot by", ein annan at talemålet endrar seg "mot Kristiansand/bokmål" (Røsstad 2008: 121). Røsstad forklarar at informantane som både meiner at endringane kjem frå bokmål og kristiansandsmålet, har rett i analysen sin fordi språkendringane som skjer er samanfallande med begge desse varietetane (Røsstad 2008: 122). Desse få utsegnene er unntak i Røsstads materiale: Det ser ut til at dei fleste informantane ikkje bruker omgrepet 'bokmål' (eller 'nynorsk') i det heile teke når dei snakkar om sitt eige eller andre talemål (sjå til dømes kapittel 8 i Røsstad 2008).

I desse tre undersøkingane er det ingen som snakkar om eigen eller andre sine dialektar som 'nynorsk'. Dette er sannsynlegvis ein omgrepsbruk som er avgrensa til Vestlandet. Å snakke om eigen eller andre sine dialektar som 'bokmål' er derimot ein omgrepsbruk som ser ut til å vere vanlig i heile landet.

Ut frå denne gjennomgangen og nettundersøkinga vil eg framsette to hypotesar som eg undersøker og drøftar ved å analysere bruken av 'bokmål' og 'nynorsk' i Talebanken.

1. Når vestlendingar nyttar 'bokmål' om talemål, tyder 'bokmål' austnorsk eller oslomål.
2. Når vestlendingar nyttar 'nynorsk' om talemål, tyder 'nynorsk' ein vestnorsk dialekt.

### Bruk av orda 'bokmål' og 'nynorsk' i Talebanken

I dei fire første mastergradsavhandlingane som vart skrivne med talemålsmateriale frå Talebanken, var det berre to som nemnde at omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' vart brukte om talemål.<sup>8</sup> Omgrepa vert i røynda brukte mykje meir enn det. Eg har registrert kor ofte orda 'bokmål' og 'nynorsk' førekjem

8. Maria-Rosa Doublet skriv følgjande i mastergradsavhandlinga si om talemålet i Fana i Bergen: "Selv sier han [informanten] at han blir påvirket språklig av omgivelsene i en nynorsk retning, fordi kommunen han bor i, er en nynorskkommune" (Doublet 2012: 104). Og seinare skriv ho: "Da jeg spurte elevene om hvem som sa "nåkæn", så svarte de at det hørtos veldig rart ut. En elev mente det var nynorsk, og en annen mente at det hørtos strilete ut" (Doublet 2012: 119). Silje Villanger skriv følgjande i mastergradsavhandlinga si om talemålet i Øygarden: "Han [informanten] oppgir at han snakkar striledialekt, og seier at han av og til skiftar til bokmål i jobbsituasjonar når han føler at andre ikkje forstår" (Villanger 2010: 81).

og med kva tyding dei er brukte i Talebanken. Talebanken er ein database der ein finn ei stor samling av sosiolingvistiske intervju frå Vestlandet.<sup>9</sup> Informantane er ungdommar, midaldra og eldre frå kvar stad, med ei jamm kjønnsfordeling.<sup>10</sup>

Orda 'bokmål' og 'nynorsk' vert brukte omtrent like ofte i talemålsopptaka i Talebanken. 'Nynorsk' er totalt ytra 531 gonger, medan 'bokmål' er ytra 566 gonger. Omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' er oftast nytta om skriftspråka, men om lag kvar tredje gong informantane snakkar om 'nynorsk', og om lag anankvar gong dei snakkar om 'bokmål', meiner dei eit eller anna talemål.

Desse kvantitative forholda kan ein ikkje tillegge for mykje vekt, meiner eg, fordi det er ulike intervjuarar som har gjennomført intervju dei ulike stadene, og dei har til dels nytta ulike intervjuguidar og dessutan ulik grad av opne og lukka spørsmål.<sup>11</sup> I tillegg er det forskjellar mellom intervjuarane sine spørsmålsformuleringar når det gjeld å omtale talemål med omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk'.

I Sauda og Årdal var det lokale ikkje-lingvistar som var intervjuarar, og fleire av dei brukte 'bokmål' og 'nynorsk' om talemål sjølv om ingen av spørsmåla i spørjeguiden var formulerte slik. I dei andre opptaka i Talebanken var det masterstudentar i nordisk som intervjuarar, og ingen av dei oppfordra informantane til å snakke om talemål med desse omgrepa.<sup>12</sup> Dei einaste unntaka er når intervjuarane forsøker å få informantane til å forklare nærare kva dei legg i omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk'. Her er eit døme frå eit intervju frå Stavanger:

Informant 413<sup>13</sup>: Ho snakkar sånn halvvegs nynorsk.

Informant 412: Ja, veit ikkje eg kva ho snakkar. Snakkar vel litt nynorsk.

9. Innhaldet i Talebanken er stadig i endring fordi det vert gjort innsamlingar på fleire og fleire stader. Då eg registrerte bruken av 'bokmål' og 'nynorsk' var det opptaka frå Bergen (Fana og Bergenhus), Øygarden, Stavanger, Midsund, Molde (Bolsøy), Årdal og Sauda eg undersøkte.
10. På dei fleste stadene er det fire menn og fire kvinner i tre aldersgrupper (f. 1920–1949, f. 1950–1979 og f. etter 1979). Det finst også eldre opptak frå kvar stad, men dei har eg ikkje brukt som datamateriale i denne artikkelen.
11. Om intervjuaren til dømes spør "Kva skriftspråk nyttar de til dagleg?", får ein nemningane 'nynorsk' eller 'bokmål' som svar, men viss han/ho spør "Skriv du vanlegvis på bokmål?", får ein 'ja' eller 'nei' til svar.
12. Når intervjuarane oppnar opp for å bruke omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' i samtalar om språk, ser det ut til å auke omgrepsbruken betrakteleg: Til dømes er det slik at i Sauda er 'bokmål' nytta om talemål 119 gonger (68,4 % av totalt tal på ordet 'bokmål' i Sauda) og i Årdal er 'bokmål' nytta om talemål 83 gonger (76,1 % av totalt tal på ordet 'bokmål' i Årdal). Viss vi ser vekk frå desse to stadene er 'bokmål' berre nytta om talemål 81 gonger i resten av opptaka i Talebanken (som er berre 28,6 % av totalt tal på ordet 'bokmål' i resten av opptaka).
13. Nummera på informantane og intervjuarane svarar til informantnummera i Talebanken.



- Informant 413: Ho er frå Aksdal.  
 Intervjuar 11: Men når du seier at du snakkar nynorsk, så meiner du at dei frå Haugesund snakkar meir nynorsk enn det dei frå Stavanger gjer?  
 Informant 413: Nei, det veit eg ikkje. Det ...  
 Informant 412: Hm.  
 Intervjuar 11: Men føler du at du snakkar bokmål?  
 Informant 413: Eg? Nei.  
 Intervjuar 11: Nei?  
 Informant 413: Nei.  
 Intervjuar 11: Kva snakkar du då?  
 Informant 413: Eg snakkar stavangersk.

På grunn av at intervju er forskjellige, har eg ikkje lagt vekt på talet på førekomstar og belegg i artikkelen, men heller fokusert på kvalitative analysar av meiningsinnhald. Eg vil likevel presisere at det ikkje er nokon aldersskilnad i omgrepbruken. Å bruke omgrepsparet 'bokmål' og 'nynorsk' om talemål er ikkje eit ungdomsfenomen, men ein vanleg omgrepbruk blant fleire. Nokre av dei aller eldste informantane i Talebanken bruker faktisk 'riksmål' og 'landsmål' om talemål på same måte som 'bokmål' og 'nynorsk' vert brukte av yngre informantar. Her er eit døme frå ein informant frå Bergen, født i 1936:

- Informant 830: Eg innrømmer ærleg at eg kanskje ikkje synest nynorsk eller landsmål var så pent før. Men viss eg lyttar etter på dei som er intervju i dag, så synest eg det er eit stilig språk òg mange gonger. Og ein som eg verkeleg, [*hostar*] som eg var svak for, det var jo han frå Stord. Han snakka eit nydeleg landsmål.

Bruk av 'riksmål' og 'landsmål' har eg ikkje undersøkt systematisk, og eg kjem difor ikkje noko nærare inn på det seinare i artikkelen.

Eg vil no gå over til å presentere ei rekke bruksdøme frå opptaka i Talebanken frå Bergen, Bolsøy, Midsund, Sauda, Stavanger, Øygarden og Årdal. Seinare presenterer eg ei forsøksvis gruppering av døma som ei liste over kva omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' tyder når dei er brukte som kategorisering av talemålsvarietetar.

#### *Døme på bruk av 'nynorsk' om talemål*

Omgrepet 'nynorsk' vert i hovudsak brukt om vestnorske bygdemål. Her er eit døme frå Øygarden der informanten snakkar om sin eigen dialekt som 'nynorsk':

- Informant 142: Det er litt, lite paradoks det, at du har ein nynorsk dialekt eigentleg sant, men, men det er lettare å skriva bokmål.

Det finst mange døme i Talebanken på at informantar snakkar om andre sine dialektar (og då gjerne ein rural dialekt) som 'nynorsk'. Her er eit døme frå Bergen:

- Informant 821: Ja, men der som, dei snakkar vel eigentleg, dei snakkar mykje nynorsk. Eg har veldig mange kollegaer som bur på Os.  
 Informant 822: Mm. Dei snakkar nynorsk?  
 Informant 821: Og dei snakkar jo nynorsk.

'Nynorsk' vert også nytta som omgrep viss informantane skil mellom moderne og tradisjonelle varietetar av lokale talemål. Då kan dei kalle den tradisjonelle varieteteten 'nynorsk' og den moderne varieteteten 'bokmål'. Eit døme på det er frå eit intervju i Øygarden:

- Intervjuar 3: Men i andre samanhengar då, altså, er det nokon samanhengar der de kjenner at de forandrar litt på, at de kanskje snakkar litt meir...?  
 Informant 129: Når eg snakkar med bestemor og sånn, då snakkar eg sikkert litt meir, litt meir sånn nynorsk.

#### *Døme på bruk av 'bokmål' om talemål*

Omgrepet 'bokmål' vert brukt både om austnorsk/oslomål og vestnorske bymål. Eit av døma på at 'bokmål' er nytta om oslomål finst i eit intervju frå Stavanger:

- Intervjuar 11: Synest du der er nokon dialekt i Noreg som er spesielt fin eller stygg eller vanskeleg å forstå?  
 Informant 416: [*nøler*] Altså, gjennom liksom at vi har, at vi les bokmål, og at mange filmar har, har sånn Oslo-dialekt, så, ja, så har eg kanskje fått litt inntrykk av at det er på ein måte

den riktige dialekten. Så den er liksom, altså, den er liksom den eg synest er minst irriterande å høyre, liksom.

'Bokmål' kan også nyttast om andre austnorske talemål, som her i eit intervju frå Årdal der dialekten i Hønefoss vert omtala som bokmål:

Informant 643: Eg har to syskenbarn på Hønefoss. Men dei òg, dei òg legg om når dei er her. Sjølv om dei aldri har budd her, liksom. Når dei er der, så pratar dei bokmål.

'Bokmål' vert også brukt om vestnorske bymål. Eit av døma på at 'bokmål' er nytta om bergensk, finn vi i eit intervju frå Øygarden:

Informant 120: Når ein unge skal læra seg å snakka, og så tilbringar han kanskje seks-sju timar i barnehage, og alle, alle som jobbar der, er ifrå Bergen, så, så... Og i tillegg er jo mange av ungane som er der i, bergensarar, så. Eller ikkje bergensarar, men snakkar bokmål, så er jo det ein påverking som går på språket.

Det er eit viktig poeng at dei *same* individa kan nytte 'bokmål' *både* om austnorsk og vestnorske bymål. I nokre få tilfelle kjem dette klart fram. Eit døme på det er frå eit intervju i Midsund der informantane svarer på kva dei syns om moldedialekten:

Intervjuar 2: Moldedialekten då?  
Informant 219: Teit.  
Informant 218: Litt rar.  
Intervjuar 2: Kvifor?  
Informant 219: Det er bokmål nesten.  
Intervjuar 2: De då? Viss Molde er bokmål, kva er Midsund då?  
Informant 218: Nynorsk.  
Intervjuar 2: Meiner de det?  
Informant 218: Ja.  
Intervjuar 2: Austlandsk då? Sånn Oslodialekt?  
Informant 219: Bokmål.

I eit anna intervju frå Midsund påpeiker den eine informanten at 'bokmål' brukt om austnorsk ikkje tyder akkurat det same som når ein bruker 'bokmål' om moldedialekten:

Informant 220: Folk snakkar no eigentleg forskjellig på alle plassane då.  
Informant 221: Ja.  
Intervjuar 2: Har du eksempel på det?  
Informant 221: Molde, så er det meir bokmål.  
Informant 220: Det er Fræna au. Fræna og Molde er ganske likt då.  
Informant 221: Ja. Ikkje... Sånn sirka likeins som dei ned i Oslo.  
Informant 220: Nja.  
Informant 221: Ikkje så gale, då.

#### *Døme på bruk av 'bokmål' og 'nynorsk' om talemålsendring og akkommodasjon*

Mange av belegga på omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' handlar om påverking på det lokale talemålet, varige endringar i talemålet eller korttidsakkommodasjon. Først skal vi sjå på eit døme frå Bolsøy:

Informant 948: Eigentleg skulle eg ha litt breiare, eigentleg, for eg kjem jo der dei snakkar nesten nynorsk, da.  
Intervjuar 51: Ja. Mm.  
Informant 948: Begge foreldra mine gjer det, men eg veit ... Eigentleg, eg har vore veldig masse saman med folk frå, med bokmålsdialekt, så.

Eg oppfattar at informanten meiner at han har endra talemålet sitt fordi han har vorte påverka av vennar som har ein "bokmålsdialekt". I eit anna intervju frå Bolsøy vert 'bokmål' brukt som omgrep når den eine informanten vil påpeike at den andre informanten har registervariasjon eller at han nokon gonger akkommoderer:

Informant 922: Ja, men eg tenkte sånn viss det er framande som ringjer, så kan du fort nesten vere borti bokmål du òg.

I Årdal er både 'nynorsk' og 'bokmål' nytta om akkommodasjonshandlingar. Her er eit døme der informanten fortel korleis dei måtte endre på talemålet sitt når dei jobba på rikstelefonen:

Informant 639: Då måtte me jo leggja om. Kunne ikkje sitja og seie "saukjan" og "nikjan" og "akjan" når folk bestilte samtalar og du skulle gjenta alt dei sa, for eksempel.  
Intervjuar 19: Nei.



Informant 639: Men det vart jo ikkje bokmål. Det vart meir ein nynorsk.

Elles fortel mange informantar frå Årdal om at dei må erstatte visse ord med 'bokmål' for å bli forstått:

Informant 644: At ho spør om, spør spørsmålet opp att. Eg må seia det på bokmål, då, eller ordet for eksempel på bokmål.

Liknande døme finn vi andre stader, som her frå Midsund:

Informant 202: Men det er ikkje så mange romsdalingar i radio og tv, i alle fall ikkje i tv, som snakkar dialekten sin. Dei rundar det av til nynorsk.

I dette bruksdømet ser vi at når informantane snakkar om akkommodasjon (mot ein ukjent mottakar) i offentlege talesamanhengar bruker dei omgrepet 'nynorsk'. Seinare i same intervjuet snakkar dei om endringane som skjer med det lokale talemålet og då er det omgrepet 'bokmål' som vert nytta:

Informant 202: Dei, ho har vorte runda, ho har vorte avrunda. Tek etter. For det første så er det no fole mange nye ord som vi aldri har lært, som, frå Midøya, som kjem utanfrå.

Informant 203: Ja, fole mykje bokmålsord og, og sånt noko som er innblanda, sånn som ikkje vi har lov å skrive ein gong.

Desse utsegnene om å ha meir eller mindre 'bokmål' og 'nynorsk' er gjerne vurderande også, som vi ser i dette utdraget frå eit intervju i Øygarden, der informantane seier at det ikkje er bra å ha for mykje 'bokmål':

Intervjuar 3: Er det, har nokon kommentert dykkar dialekt nokon gong?

Informant 135: Ja. Dei har sagt at eg snakkar altfor bokmål.

Informant 134: Ja.

Informant 135: Eg er jo... Han broren min, han snakkar skikkeleg stril til tider. Så av og til så, når eg er med, visst eg er nede hos, i, i huset hans, og så har han vener på besøk, då seier dei at eg er altfor bokmål til å vera i slekt med han.

I eit døme frå Bergen fortel ein informant at han har opplevd det som gunstig å ha meir 'bokmål' i talemålet sitt:

Informant 319: Eg, sånn som, eg opplevd gjennom åra. Det er at du blir gjerne teken meir seriøst, viss du ikkje snakkar så breitt. At du har meir bokmål. Då blir du gjerne teken meir seriøst i, i litt høgare kretsar, kanskje.

Fleire informantar snakkar også om at den lokale dialekten er ei blanding av 'bokmål' og 'nynorsk', her i eit bruksdøme frå Bolsøy:

Informant 914: Det trur eg ungane òg seier. Eg "væit" ikkje. Dei pratar litt sånn i-ar innimellom æ-en, da.

Intervjuar 51: Ja. Mm. Ja.

Informant 914: At dei blandar, at dei får med litt heile ordet. Men det er no ikkje direkte bokmål. Det er no like mykje nynorsk.

Denne utsegna tolkar eg som at informanten snakkar om fonologiske endringar i det lokale talemålet. Litt seinare i same samtale snakkar informanten kanskje meir om endringar i ordforråd som 'blanding' mellom 'bokmål' og 'nynorsk':

Informant 914: Det er liksom sånn salig blanding. Altså, det er sånn bokmålpreg sjølv om eg synest at vi snakkar mykje nynorsk, nynorske ord, da, så er det vekke i mange samanhengar.

Den same informanten bruker også omgrepet 'utvatning' saman med 'blanding':

Informant 914: Men det er litt sånn blanding, eg føler at enkelte dialektar i Romsdalen, eller kanskje byen òg, eg, iallfall om det er utvatna, men iallfall så synest eg dei snakkar blanding av bokmål og nynorsk, da.

### Førebels oppsummering

Dei fleste bruksdøma frå Talebanken kan grupperast saman i desse sju hovudgruppene:

1. 'Nynorsk' nytta om lokalt bygdemål.
2. 'Nynorsk' nytta om den tradisjonelle varianten av lokalt bygdemål.
3. 'Bokmål' nytta om moderne versjon av lokalt bygdemål eller om endringsprosessar og akkommodasjon / det som påverkar det lokale bygdemålet.
4. 'Nynorsk' nytta om endringsprosessar og akkommodasjon / det som påverkar det lokale bygdemålet.
5. 'Bokmål' nytta om lokalt bymål.
6. 'Bokmål' nytta om austnorsk eller oslomål.
7. 'Bokmål' og 'nynorsk' nytta om skriftspråksbasert tale i media (tv, film, musikk), om talemålet ein lærer på kurs (norsk for utlendingar og hos logopeden) og talemålet ein må/kan/bør snakke til utlendingar for at dei skal forstå.<sup>14</sup>

I gruppe 1 finst dei aller fleste bruksdøma av 'nynorsk', sjølv om det også finst ein god del døme i gruppe 2. Gruppe 4 er ikkje mogleg å kombinere med gruppe 2 og det er nesten berre årdølane som bruker omgrepet 'nynorsk' om påverking på det lokale bygdemålet. Bruksdøma på 'bokmål' er nokså jamt fordelte mellom gruppe 3, 5 og 6, med ei lita overvekt på døme i gruppe 6.

I tillegg til bruksdøma som passar inn i desse sju kategoriane, finst det nokre få døme på at 'nynorsk' vert brukt om det lokale bymålet (berre om stavangersk). Dessutan finst det ein god del døme på at omgrepa 'bokmål' eller 'nynorsk' vert nytta om noko som ein kan ha mykje eller lite av i talemålet sitt, utan at det er nærare omtalt kva som i så fall skjer med talemålet. Eg har plassert desse utsegnene inn i same gruppe som utsegnene om at bokmål og nynorsk er påverkingfaktorar på talemålet.

Dei fleste døma som fell utanfor desse sju gruppene, fell utanfor fordi informantane seier kva 'bokmål' eller 'nynorsk' *ikkje er* utan å seie kva det *er*. Eg vil difor supplere gruppene ovanfor med ei enkel oversikt over alle geolektar og stader som vert sagt i forbindelse med utsegner om å snakke 'bokmål' og 'nynorsk'. Desse geolektane og stadene er altså trekt fram av informantane som døme på kva 'bokmål' og 'nynorsk' er og ikkje er:

Nynorsk er sunnmøring, (tilnærma likt) bergensk, stril, midsunddialekt, stavangersk, årdøl, dialektane i Sogn og Fjordane, samt dialektane i Fjell, Øygarden, Sund,

14. Denne gruppa bruksdøme handlar om talemål som eg meiner er meir eintydig skriftspråksbasert enn dei andre døma. Eg har difor sett vekk frå denne bruken av 'bokmål' og 'nynorsk' om talemål.

Ytrebygda, Samnanger, Kvam, Os, Lindås, Askøy, Akshald, Møre og Romsdal, Suldal, Stord, Rogaland

Nynorsk er ikkje midsunddialekt, bergensk, austnorsk, romsdalsk, nordmøring, haugesundsk, trøndersk, årdøl

Bokmål er austlandsk, oslomål, sørlending, moldedialekt, bergensk, sunnmøring, nordnorsk, finnmarking og fræna-dialekt, samt dialektane i Drammen, Hønefoss, Gjøvik, Vestfold, Stavanger, Eiganes (i Stavanger), "halve Noreg", Rjukan, og ein sosiolekt i Haugesund

Bokmål er ikkje romsdalsk, midsunddialekt, stril, bergensk, stavangersk, bolsøydialekt, årdøl, sognemål, samt dialektane i Suldal og Etne

Nokre få gonger vert det også nemnt leksema som skal illustrere kva nynorsk eller bokmål er. Leksema som vert nemnde i intervjuet som døme på nynorsk er *eg, ikkje, nåkken* og *meg/deg* (uttalt med *g*) og som døme på bokmål vert *jeg, ikke* og *hva* nemnde. (I Årdal vert *brok*, og talorda *saukjan, akjan, nikjan* nemnde som døme på ord som må tilpassast viss ein snakkar med folk med andre dialektar.)

Eg meiner det er rimeleg klart kva meining informantane legg i 'å snakke nynorsk'. 'Nynorsk' vert nytta om rurale (og eventuelt tradisjonelle) talemål. Eg minner om at det er berre vestnorske språkbrukarar med i undersøkinga, og eit sitat frå Midsund kan tyde på at det er *vestnorske* rurale dialektar som er 'nynorsk':

Informant 215: Sunnmørsdialekten ligg nærare skriftspråket, nynorsk-språket som vi har brukt, han, enn romsdalsdialekten gjer, veit du.

'Bokmål' er derimot ikkje nytta om eitt språkssystem eller éin kategori som er enkel å identifisere for språkforskaren. Det ser ut til at det finst fleire sortar 'bokmål'. Det er både hovudstadsmålet, bymåla og dei moderne bygdemåla. I tillegg har vi sett at også nordnorske dialektar og sunnmøring har vorte nemnt som døme på 'bokmål'.

Då kan ein spørje seg om det finst felles språklege kjenneteikn for desse 'bokmål'-talemåla? Når informantane snakkar om at 'bokmål' kan blande seg inn i talemålet, kan ein dessutan undre seg over om informantane bruker 'bok-



mål' og 'nynorsk' om to grammatiske system eller om dei tenkjer på bestemte delar av leksikon.<sup>15</sup> Leksema som vert nemnde i intervjuet som døme på bokmål er *jeg, ikke* og *hva*. Desse bokmålsdøma kan både festast geografisk til austlandet og til høgare talemål i byane, men dei vert jo ikkje brukte i dei moderne bygdemåla, så desse leksema kan ikkje vere dei einaste kriterier for å kalle eit talemål 'bokmål'. Eg meiner den tydelegaste fellesnemnaren for alle talemåla som får merkelappen 'bokmål' er at dei, på ulike måtar, står i kontrast til dei vestnorske, tradisjonelle, rurale talemåla.

### Avvikande bruk av 'bokmål' og 'nynorsk' om skriftspråk på industristadene Årdal og Sauda

Informantane frå industristadene Årdal og Sauda bruker omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' omtrent på same måte som dei andre vestlendingane som er undersøkt i denne artikkelen, men det finst nokre interessante avvik når det gjeld omgrepsbruk for å snakke om det lokale talemålet, som eg vil omtale i denne delen.

#### *Bruk av omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' i Årdal*

Frå intervjuet i Årdal kjem det fram at innbyggjarar konsekvent omtalar sitt eige talemål som 'årdøl', men bruker omgrepet 'nynorsk' om andre rurale vestnorske talemål. Det er ein stor skilnad i tal belegg på omgrepa 'bokmål' (88 belegg) og 'nynorsk' (19 belegg), men dette kjem altså ikkje av at dei ikkje snakkar om sitt eige talemål, men at dei kallar det 'årdøl' og ikkje 'nynorsk':

Informant 662: Og eg møter dei i Oslo i saman med andre venner, på hytta i Sverige eller i Sandefjord. Årdøl snakkar dei. Og då har eg sagt til meg sjølv: @namn<sup>16</sup> gjorde det. Ungane dine, @namn, dei er begynte å gjera det same. Då må du pinade, då må du pinade halda stilen, du òg, altså.

Intervjuar 18: Ja.

Informant 662: Så eg er veldig glad for eg snakkar årdøl.

15. Dialektbøker som er skrivne av forfattarar utan lingvistisk bakgrunn, er nettopp gjerne ord-samlingar. (Sjå til dømes *Belle 'Ije å hæl mæ* (Stig Nilsson 2010), *Schnakkes. Ord og uttrykk fra Narvik* (Roger Danielsen 2005) eller tobindsordsamlinga *Haldalingen i ord og bilder* (Magne Evenås og Georg Melien 2012) som alle vert omtalte som *dialektbøker*.)

16. @namn er ei kode som tyder at informantane seier eit namn.

Talemålet i Årdal har endra seg mykje i forbindelse med industrialiseringa, og det skil seg tydeleg frå dei omkringliggende talemåla (Neteland 2014: 28–31). Likevel har ikkje årdølsålet tatt opp i seg mange språktrekk som fell saman med bokmål, slik ein ser i andre industristadertalemål, til dømes Høyanger (Solheim 2006) og Sauda (Neteland 2014: 23–28). Informantar frå Årdal kan, som tidlegare nemnt, seie at både 'bokmål' og 'nynorsk' blandar seg inn i det lokale talemålet når dei snakkar om korttidsakkommodasjon eller meir permanente talemålsendringar.

Eg tolkar denne omgrepsbruken som at informantane frå Årdal ikkje vil bruke omgrepet 'bokmål' om sitt eige talemål, men at dei vil skilje mellom eige talemål og andre rurale, vestnorske talemål, og at det difor har etablert seg ei tredeling i den folkelingvistiske omgrepsbruken om talemål: 'bokmål', 'nynorsk' og 'årdøl'.

#### *Bruk av omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' i Sauda*

Informantane frå Sauda bruker også omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' på same måte som dei andre vestlendingane når dei snakkar om andre talemål. Men når dei snakkar om talemålet i Sauda bruker dei omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' på ein måte som avviker frå bruken dei andre stadene.

Når informantane frå Sauda snakkar om talemålet til gamle innbyggjarar eller korleis talemålet har endra seg frå "gamle dagar" til i dag, kan dei nytte både 'bokmål' og 'nynorsk' om det gamle talemålet. Å omtale eldre lokalt talemål som 'bokmål' er ein påfallande omgrepsbruk som eg ikkje har funne dei andre stadene:

Informant 713: Men eg føler jo at ein del av dei som var eldre enn meg i Åbøbyen, dei snakka jo mykje meir bokmål enn meg òg.

Intervjuar 36: Seier du det?

Informant 713: Ja, det er mange av dei som sa "jei" og "vi" og.

Legg merke til at her er det tradisjonelle 'bokmål' stadbunde til Åbøbyen, og det er det ganske ofte i desse bruksdøma:

Informant 717: Ja, sånn, sånn som i Åbøbyen eller nede der eller ein plass så er det mange som snakkar bokmål eller sånn frå før. På fabrikk og sånn. Bestefar snakkar for eksempel heilt bokmål. [latter]

I nokre få tilfelle finn ein døme på at 'bokmål' er brukt generelt om talemålet til innflyttarar:

Informant 723: Det er vel fabrikk som har drege inn alle dei med bokmål.

Mange informantar som snakkar om talemålet slik det er i dag, seier at saudadialekten er ei blanding mellom 'bokmål' og 'nynorsk'.

Intervjuar 34: Men kva synest du om, viss du skal karakterisera saudadialekten, då, kva synest du om han? Kan du seia nokon ord som beskriv han?

Informant 726: Eg synest det er ein salig blanding, for å seia det sånn.

Intervjuar 34: Mm.

Informant 726: Ja.

Intervjuar 34: Blanding av kva, då?

Informant 726: Av bokmål og nynorsk.

Eit anna døme på liknande bruk av omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' finn vi her:

Intervjuar 38: Kva er det som er spesielt for saudadialekten?

Informant 720: Det er vel den eg "e", føler eg, og at me seier liksom litt nynorsk, men framleis bokmål.

Informant 719: Ja. Mm.

Informant 720: Liksom, ja, me seier liksom "eg", men me seier "ikke".

Omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' vert også brukte for å karakterisere språklege forskjellar mellom innbyggjarar som vaks opp i byggefelt og på gardsbruk:

Informant 707: Nei, og det er jo litt rart. For me to var jo naboar, altså over vegen på Litlamo. Der ...

Informant 706: Men du var borte på garden, du.

Informant 707: ... i felt=, i feltet der, der snakka dei jo då bokmål. Men rett over på garden der me leigde, der snakka me jo, ja, sånn som eg snakkar no omtrent, altså.

Det er ikkje så mange informantar som vil plassere seg sjølv som nynorsk- eller bokmålstalarar. I staden forklarar mange informantar korleis dei sjølve (eller andre) akkommoderer alt etter kven dei snakkar med:

Informant 724: Og det har litt samanheng med at viss det er nokon som har meir den der gamle saudadialekten eller, så blir det meir bokmål med ein gong. Og viss det er nokon som

snakkar litt meir nynorsk, så merkar eg at eg òg brukar meir litt dei der tjukke nynorskord og -uttrykk.

Informant 725: Ja.

Intervjuar 21: Mm.

Informant 724: Så eg kan godt både seia "en" og "ein" og "si" og "sæi" alt etter som, ikkje sant? Ja.

Seinare snakkar same informanten om ein annan person som kodeveksla mellom 'bokmål' og 'nynorsk' då han var liten:

Informant 724: Ute, ute sånn snakka han nynorsk og alt, og heime hjå oss. Men når han kom til foreldra, så snakka han bokmål.

Fleire informantar snakkar om ein slik type kodeveksling, og alle desse utsegnene handlar om fortid. I omtalar om talemålet i notid vert metaforen *blanding* brukt mykje, eller at språkbrukarar akkommoderer mot 'bokmål' eller 'nynorsk'. Denne omgrepsbruken må tolkast som at informantane i Sauda oppfattar 'bokmål' og 'nynorsk' som to distinkte varietetar som begge er lokale og tradisjonelle.

Mange av informantane nemner spesifikke geografiske område i Sauda der varietetane 'bokmål' og 'nynorsk' vert tala. Området som oftast vert nemnt som døme på 'bokmål' er Åbøbyen, medan området som oftast er døme på 'nynorsk' er Saudasjøen. Både Åbøbyen og nokre av dei andre døma på kvar ein snakkar 'bokmål' er typiske arbeidarstrøk (Egne Hjem og Søndena) eller sentrumsbydelar (Fløgstad og Øyra) (Utter 2010: 86). Områda som er brukte som døme på 'nynorsk', er område der ein har (eller hadde) større jordbruksområde i kombinasjon med nokon mindre byggefelt (Utter 2010: 86). At dei tettbygde bydelane er døme på 'bokmål' og jordbruksområda er døme på 'nynorsk', tolkar eg som at varietetene 'bokmål' er knytt til innflyttarane og fabrikkene, medan varietetene 'nynorsk' er knytt til dei opphavlege innbyggjarane i Sauda og då spesielt bøndene. Likevel omtalar informantane saudamålet i dag som ei 'blanding' av bokmål og nynorsk. Det tolkar eg som ei folkelingvistisk forklaring på at dei to talemålsvarietetane har gått ut av bruk og gradvis vorte omskapt til ein saudadialekt.

Det er påfallande at ikkje denne omgrepsbruken finst i andre byar der det er eller har vore to sosiolektar, t.d. Bergen (Hagen 1988) eller Stavanger (Gabrielsen 1984). Frå Bergen har eg til dømes berre funne eitt døme der "bergensk" vert kontrastert med ein "bergensk bokmålsdialekt" (altså ikkje ein kontrast mellom 'nynorsk' og 'bokmål'):



- Intervjuar 8: Altså kva for slags andre dialektar synest du dialekten i Fana liknar mest på? Ingen andre?
- Informant 827: Ja, det er jo ein bergensdialekt.
- Informant 828: Altså, bergensdialekt. Og så, og så, har du då...
- Informant 827: Det er jo ein bergensdialekt. Det er jo altså ein, ein bergensk bokmålsdialekt.

#### *Metalingvistisk kompetanse i Sauda*

Sjølv om nokre bydelar i Sauda ofte vert nemnde som døme på 'bokmål' og 'nynorsk', kan alle innbyggjarar i Sauda kategoriserast etter *grad* av 'bokmål' og 'nynorsk' i talemålet. Ein informant (nr 728) seier til dømes om seg sjølv at "det vippar over til bokmål sånn som eg snakkar, altså". Denne bruken av *grad* tolkar eg som at det ikkje er bydelen åleine som avgjer kategoriseringa. Når informantane snakkar om *grad* av 'bokmål' eller 'nynorsk' i talemålet sitt, bruker dei ofte språklege døme, som her når ein informant fortel om språklege endringar gjennom livet:

- Informant 712: Eg har alltid snakka skikkeleg nynorsk.
- Intervjuar 36: Ja.
- Informant 712: Ja, men så i vaksen alder og spesielt etter eg gifta meg med @namn vel, og hatt nokre år i Bergen og litt i Stavanger, så har det blitt litt meir bokmålsord og blanda inn litt "ikke" og e-endingar.

Informantane frå Sauda bruker i det heile teke mange språklege døme når dei snakkar om saudamålet og dei lokale varietetane 'bokmål' og 'nynorsk'. Døma vert ofte presenterte som motsetningspar, og eg har difor sett dei opp slik som i tabell 1.

Det er interessant at informantane frå Sauda bruker mange fleire språklege døme og meir varierte døme enn dei andre informantane i Talebanken. Sjølv om det er mange leksikalske døme, er det også døme på fonologiske skilnader mellom 'bokmål' og 'nynorsk' og på skilnader i bøyingsmønster.

At informantane frå Sauda bruker så mange fleire språklege døme enn dei andre informantane i Talebanken, kan sjåast som eit uttrykk for at informantane frå Sauda har høgare metalingvistisk kompetanse enn dei andre vestlendingane, når det gjeld å bruke konkrete språktrekk for å beskrive forskjellar mellom lokale talemål. Dette kan reflektere at det er vanlegare å bruke konkrete språktrekk når ein snakkar om talemål og språkbruk i Sauda enn på andre stader. Moglege årsaker til dette kan vere å finne i historiske tilhøve i industristaden. På grunn av den høge graden av innflytting i mellomkrigstida kan dei språklege

Døme på 'bokmål'	Døme på 'nynorsk'
jeg, meg og deg	eg, meg
(alle tre uttalt med [ei] eller [ai])	
ikke	ikkje
(og i samandragingar: kan'ke, vil'ke)	
skole	skule
en	ein
si	sei
mange	månge
sj/kj-samanfall	utan sj/kj-samanfall
-	er (uttalt [e:])
-	heim
-	bakkadn
-	møkje
e-endingar og e-infinitiv	-
vi	-
gress	-

Tabell 1.

skilnadene mellom opphavlege innbyggjarar og innflyttarar ha vorte ein viktig del av den sosiale kategoriseringa av innbyggjarar på den nye staden (Neteland 2014). Dette kan, saman med val av opplæringsmål, ha vore bevisstgjerdande, og dei nære relasjonane mellom innflyttarar og opphavlege innbyggjarar har medverka til at informantane frå Sauda har nær kjennskap til kva for konkrete språktrekk som skil varietetane dei kallar 'bokmål' og 'nynorsk'.

#### Drøfting av funna

*Jamføring av denne undersøkinga med tidlegare kunnskap om omgrepsbruken*  
I første delen sette eg opp to hypotesar som var basert på funna i nettundersøkinga og gjennomgangen av kva tidlegare forskingsresultat viser om bruk av omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' om talemål. Dei to hypotesane var:

1. Når vestlendingar nyttar 'bokmål' om talemål, tyder 'bokmål' austnorsk eller oslomål.
2. Når vestlendingar nyttar 'nynorsk' om talemål, tyder 'nynorsk' ein vestnorsk dialekt.

Hypotese 2 har eg meir eller mindre bekrefte, og vonar at bruksdøma ovanfor gjev eit godt og nyansert bilde av kva for typar vestnorske dialektar som kan bli kalla 'nynorsk'. Eg minner om at omgrepet 'nynorsk' ikkje er brukt om talemål i det heile teke i undersøkingane frå andre landsdelar (jf. Hårstad 2010, Røsstad 2008 og Røynealand 2005).

Hypotese 1 kan eg verken bekrefte eller avvise. Informantane i Talebanken kan bruke omgrepet 'bokmål' som synonym til oslomål eller andre austnorske talemål, men dei kan også bruke 'bokmål' om vestnorske bymål og om endringar som skjer med lokale, rurale talemål. Hernes fann det same mønsteret i Os (Hernes 2006: 174–175). Unntaket er Årdal, der dei ikkje snakkar om 'bokmål' i samanheng med vestnorske bymål. Det same er tilfelle for Aurland (Stokstad 2007: 70–99). Ei mogleg forklaring på dette er at det ikkje er nokre større byar i Sogn, og at informantane frå Sogn difor ikkje kjenner så godt til språkleg ulikskap mellom bymål og bygdemåla rundt byen.

Vi har også sett at i Sauda nyttar dei omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' som merkelappar på to lokale varietetar. Denne bruken finn eg ikkje andre stader der det er eller har vore to varietetar/sosiolektar t.d. Bergen (Hagen 1988) eller Stavanger (Gabrielsen 1984). I Hårstads undersøking bruker heller ikkje informantane omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' for å karakterisere dei to talemålsvarietetane i Trondheims bymål (Hårstad 2010).

Solheim viser til utsegner om at det lokale talemålet i Høyanger er ei "blanding av *nynorsk* og *bokmål*". Ifølge Solheim blir 'bokmål' brukt om standardisert austnorsk og 'nynorsk' om den lokale dialekten. Også i Sauda blir det lokale talemålet omtalt som ei blanding mellom bokmål og nynorsk, men eg tolkar utsegnene slik at både 'bokmål' og 'nynorsk' er nemningar som blir brukte på lokale talemål. Eg er ikkje sikker på om Solheim og eg tolkar utsegnene på ulik måte, eller om det er ulik bruk av omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' i Høyanger og Sauda. Ei undersøking som kan støtte mi tolking, er ei undersøking av haldningar til skriftspråk i skulen i Høyanger. Jorunn Verlo (1993) spurte informantane: "Kva målform synest du lokaldialekten liknar mest på?". 28,1 % svarte 'nynorsk', heile 38,6 % svarte 'bokmål' og 22,8 % svarte 'blanding' (Verlo 1993: 136). Det må ein tolke som at innbyggjarar i Høyanger meiner at det finst variantar av det lokale talemålet som liknar på skriftspråket bokmål.

Det er påfallande at informantane frå Vestlandet bruker omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' for å kategorisere talemål, medan omgrepsbruken er uvanleg i andre landsdelar. Ein kan undre seg over om årsaka er at nynorsk er brukt meir på Vestlandet, slik at skriftkulturen på Vestlandet vert meir parallellspråkleg, og vestlendingar difor er i stand til å overføre kjennskap frå skriftspråka bokmål og nynorsk til samtalar om talemål. Dette er eit spørsmål som beveger seg over frå å analysere faktisk bruk av omgrepa til å drøfte kva meining informantane

legg i omgrepa dei bruker. Det er, som nemnt i innleiinga, ikkje noko ein kan finne eit fullstendig svar på med materialet og metodane som er brukte i denne artikkelen, men eg vil presentere mine forslag til tolking i dei neste delane.

#### *Å vere bokmål/nynorsk – samanhengar mellom skriftspråk og talemål*

Finst det samanhengar mellom folkelingvistiske oppfatningar om skriftspråka og talemåla? Tenkjer informantane på konkrete språktrekk og samanhengar med skriftspråka når dei bruker omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' om talemål? I andre delen såg vi at i dei fleste opptaka i Talebanken vert det knytt særst få konkrete språktrekk til omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk'. Innbyggjarar i Sauda bruker derimot mange konkrete språktrekk når dei omtalar talemålsvarietetane 'bokmål' og 'nynorsk'. Det tolkar eg som at innbyggjarar i Sauda har betre kjennskap til språklege forskjellar i det lokale språksamfunnet, og at dei bruker omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' saman med konkrete språklege døme for å skildre desse forskjellane. Dei fleste (men ikkje alle!) av språktrekka som er nemnde i samband med talemål som er kategorisert som 'bokmål' og 'nynorsk' fell saman med kontrastar mellom skriftspråka bokmål og nynorsk.

Den "motsette" omgrepsbruken finst òg blant ikkje-lingvistar: Ein kan seie at ein skriv på 'dialekt' på SMS og Facebook (Hernes 2012: 60). Eg meiner dette må tolkast som at informantar ikkje skil mellom omgrep for skriftspråk på den eine sida og omgrep for talemål på den andre sida: Både 'dialekt', 'bokmål' og 'nynorsk' er oppfatta som omgrep som karakteriserer 'språk' eller 'norsk'.

I denne samanhengen er det interessant å sjå på utsegnene der informantane snakkar om å vere bokmål eller nynorsk, som om det er ein identitet på linje med å vere norsk eller å vere bergensar. Denne omgrepsbruken finn vi ikkje døme på frå alle stadene som er representert i Talebanken. Vi finn mange døme frå Sauda, nokre få frå Bolsøy (i Molde), og eitt frå Øygarden. Her er eit kort døme frå Bolsøy:

Informant 909: Han far var jo nynorsk.

Her ligg det implisitt to moglege tolkingar: Personen er nynorskskrivande eller personen er nynorsktalande. Ut frå konteksten kan ein tolke at informanten meiner at faren *skreiv* nynorsk fordi informanten seier seinare:

Informant 909: Han var, han, han var interessert i nynorsk. Men han snakka eigentleg ikkje nynorsk sjølv.

I andre samanhengar er det ikkje så lett å tolke ut frå konteksten kva det eigentleg tyder å vere bokmål eller nynorsk. Her er eit døme frå Sauda:



- Informant 707: Nei, @namn er reinspikka bokmål.  
 Intervjuar 36: Ja.  
 Informant 706: @namn, ja. Han andre bror min.

I dette intervjuet vert det ikkje sagt noko meir som kan hjelpe oss i tolkinga. Det finst også døme frå Sauda der informantane og den lokale intervjuaren ramsar opp stadnamn i Sauda der det *er* nynorsk og bokmål, utan at ein kan forstå om dei snakkar om skriftspråk eller talemål:

- Intervjuar 36: Du hadde jo, du hadde jo bokmålskjernen i, i Åbøbyen. Og, og som du, litt Søndena.  
 Informant 706: Litlamo og så litt opp Egne Hjem.  
 Informant 707: Mm.  
 Intervjuar 36: Egne Hjem, ja. Og så hadde du, hadde du då mykje nynorsk.  
 Informant 706: Rød var nynorsk. Og innover Birkeland var nynorsk.  
 Intervjuar 36: Ja. Saudasjøen.  
 Informant 707: Saudasjøen var nynorsk. Svandalen.

Slike uklare referansar finst det også ein del av i dei andre opptaka i Talebanken. Desse døma viser at informantar meiner andre innbyggjarar eller bydelar kan *vere* 'bokmål'/'nynorsk' i tillegg til å *snakke* og *skrive* 'bokmål'/'nynorsk'.

Skulen er, saman med heimen, den primære sosialiseringsinstitusjonen, og skulen gjev opplæring, haldningar og føringar for bruk av skriftspråka seinare i livet. Eg meiner at opplæringsmål i skulen kan gje ei forklaring på korleis vestlendingar meiner at ein kan *vere* 'bokmål'/'nynorsk'. I materialet finst ein del konkrete døme der informantane set opplæringsmål i samanheng med talemål (her frå Sauda):

- Intervjuar 34: Har du høyrte at enkelte stader folk, om dei seier "jeg"?  
 Informant 736: Å ja.  
 Intervjuar 34: Det går an altså?  
 Informant 736: Ja.  
 Intervjuar 34: Kvar ville du plassert dei? Kvar ville dei ha vore frå, ville du sagt?  
 Informant 736: Ja, eg ville trudd dei var ifrå ein skulekrins med bokmål.

Dei bydelane som vert ramsa opp i dømet ovanfor, kan kanskje tolkast på same måte – som ei omtale av kva for bydelar ein vanlegvis har hatt opplæringsmåla bokmål og nynorsk.

Opplæringsmålet i skulen er eit viktig spørsmål i lokalsamfunna. Nær halvparten av alle folkeavstemmingar i Noreg har handla om opplæringsmål (Brunstad, pers.komm., 03.04.2013). Av stadene som er representert i Talebanken har det vore røystingar om skuleopplæringsmål i Bergen, Sauda og Bolsøy. Både Bergen og Molde er "nøytrale" kommunar når det gjeldt kommunalt skriftspråk (Kulturvern avdelingen 2007). Når det gjeld opplæringsmål dominerer bokmål, og bokmål som opplæringsmål breier seg ut frå bykjernen til meir rurale skulekrinsar innanfor og utanfor kommunegrensene. (For oversyn over skulemålsrøystingar i perioden 1965–2011, sjå Noregs Mållag 2002: 51–57 og Noregs Mållag 2012: 65–66).

På industristadene har ein ofte ikkje hatt eitt opplæringsmål, men operert med parallellklassar (Hoel 2009: 331). I Sauda og Høyanger hadde dei parallellklassar ein lang periode, men no er opplæringsmålet nynorsk på begge stadene. I Odda finst framleis parallellklasser, medan dei i Årdal berre har hatt nynorsk som opplæringsmål.

Det er spesielt mange døme på omgrepsbruken å *vere* 'bokmål'/'nynorsk' i Sauda. Det kan kome av at Sauda er ein industristad som har hatt parallellklassar i mange tiår. Vi har også sett at informantar frå Sauda har høgare meta-lingvistisk kompetanse når det gjeld å karakterisere forskjellane mellom 'bokmål' og 'nynorsk' med konkrete språktrekk. Både å *skrive* bokmål/nynorsk og å *snakke* bokmål/nynorsk er knytt til bestemte bydelar. Då er det kanskje ikkje så rart at dei også kan seie at nokon *er* bokmål/nynorsk viss dei er frå rette bydelen. Nedlegginga av bokmålstilbodet etter ei folkerøysting i 1988 (Noregs Mållag 2002: 53), er framleis eit diskusjonstema i Sauda, og emnet kom opp i fleire av intervjuar. Det er ut til at informantane oppfattar at det er ein samanheng mellom å *snakke* bokmål, *vere* bokmål og *skrive* bokmål, og at det går på identiteten laus når ein som *er* bokmål må *skrive* på nynorsk.

Dei stadene der det fanst eit parallellklassetilbod måtte *alle* foreldra aktivt velje om ungane skulle gå i bokmålsklasse eller nynorskklasser då dei byrja i skulen. Dette meiner eg kan ha ført til stor grad av folkeleg bevisstheit omkring skriftspråka, og kanskje også om likskap mellom eige talemål og dei to skriftspråka. Ein kan også tenkje seg at folkerøystingar om skuleopplæringsmål fører til auka bevisstheit. At dei bruker omgrepa mest om talemål i Sauda, er såleis ikkje tilfeldig, men ein naturleg konsekvens av at alle foreldra, i fleire generasjonar, har vore nøyde til å velje om deira barn skulle ha bokmål eller nynorsk som opplæringsmål.

I tillegg til folkeleg bevisstheit om likskap og skilnader mellom skriftspråka og talemåla må vi gå ut frå at verdisetta som bokmål og nynorsk konnoterer (sjå neste del), kjem inn som ein viktig faktor når foreldra skal velje skriftspråk til ungane sine. Verdisetta kan til og med vere meir styrande enn likskapen med



eige talemål. Det kan i alle fall vere med på å forklare kvifor så mange som har eit talemål som dei sjølve meiner liknar mest på skriftspråket nynorsk, likevel skriv på bokmål (jf. sitatet frå informant nr. 142).<sup>17</sup>

#### 'Bokmål' og 'nynorsk' som verdisett

Vi lever i ein skriftkultur, og nordmenn sine røynsler med skriftspråka skriv seg både frå primærsosialiseringarenaer som heim og skule, og frå mange andre ulike møter med skrift i kvardagen. Vestlendingar møter den nynorske skriftkulturen i større grad enn andre nordmenn både i og utanfor skuleverket. Vestlendingar har god kjennskap til dei språklege skilnadene mellom skriftspråka bokmål og nynorsk. Språkforskarar meiner faktisk at dei som har nynorsk som hovudmål kan betraktast som tospråklege (Vulchanova et al. 2014).<sup>18</sup> I tillegg har dei lokalkunnskap om skilnader mellom stadene der ein bruker bokmål og nynorsk som opplæringsmål, slik at kunnskapane om bokmål og nynorsk kan sjåast som ein felles ressurs som kan brukast i samtalar om talemål. Dette kan vere ei forklaring på kvifor den folkelingvistiske karakteriseringa av talemål som 'bokmål' eller 'nynorsk' er mest i bruk på Vestlandet.

Likevel er ikkje dette noko fullgod forklaring, fordi bruken av desse omgrepa er ofte særskilt kontekststøtt og gjev lite nøyaktig informasjon om språklege forskjellar. Eg meiner ein del av forklaringa ligg i konnotasjonane som er knytt til omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk'. Skriftspråka nynorsk og bokmål kan analyserast som at dei har konnotasjonar og verdisett knytte til seg som kan kategoriserast som "motsetningsparet *tradisjon-modernitet*" (Mæhlum 2007b: 190): "De symbolske verdiene som er knyttet til henholdsvis nynorsk og bokmål i form av bestemte konnotasjoner og stereotyper, er resultatet av et sett historiske, sosiokulturelle prosesser." (Mæhlum 2007b: 197)

Nynorsk er representanten for det "tradisjonelle" og vert tillagt verdiar som "blir gjennomgående knyttet til varieteter som i en eller annen forstand er lokalitetsbundet [...] Mens det motstående verdisettet ikke har denne særskilte stedstilknytningen," (Mæhlum 2007b: 191) Mæhlum utdjuper årsakene til dette: "I motsetning til bokmålet, som i kraft av sin stilling som offisielt språk nærmest automatisk blir ansett som geografisk *umarkert*, blir nynorsken ofte tillagt en bestemt territoriell tilknytning." (Mæhlum 2007b: 194). Denne geografiske tilknytninga er ifølgje Mæhlum det rurale Vestlandet.

17. For eit større empirisk grunnlag om manglande samsvar mellom bruk av skriftspråk og kategorisering av talemålet som likt bokmål/nynorsk, sjå Verlo (1993: 137).

18. Viss ein føreset at det i folkelingvistikken ikkje er noko klart skilje mellom skriftspråk og talemål (alt er 'språk' eller 'norsk' sjå også Hernes 2012), og at dei to skriftspråka er mentalt kategorisert som to språk hos vestlendingane med nynorsk som hovudmål, er det kanskje ikkje så rart om dei bruker omgrepa for desse to språka når dei skal omtale talemål?

Desse konnotasjonane eller verdisetta er så å seie samanfallande med vestlendingar sin bruk av omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' om talemål. Eg tolkar, som tidlegare nemnt, informantane sine utsegner om "å snakke nynorsk" som utsegner som er brukte om talemål som ein kan kategorisere som tradisjonelle, opphavlege eller rurale. Vi har også sett at 'bokmål' både kan vere hovudstadspråket, det lokale bymålet eller det høgare talemålet i byen, og det moderne, rurale talemålet. Omgrepet 'bokmål' vert altså brukt om talemål som står for det motsette av 'nynorsk'-verdisettet: Eit talemål som er moderne og/eller urbant.

Med utgangspunkt i Mæhlum har eg sett opp tre sett kontrastar eller motsetningsaksar der verdi på aksene (eller fleire av aksane) avgjer om ein kallar eit talemål for 'bokmål' eller 'nynorsk'.<sup>19</sup>

#### Motsetningsaksar

##### 'bokmål' – 'nynorsk'

- 1) ikkje stadbunden – stadbunden til Vestlandet
- 2) urban – rural (t.d. vestnorske bymål – vestnorske bygdemål)
- 3) moderne – tradisjonell (t.d. eige talemål slik ungdommar snakkar det – eige talemål slik besteforeldra snakka(r) det).

Omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' vert nytta om talemål som kan plasserast på ein eller fleire av desse aksane. Viss ein analyserer omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' som eit verdisett med ulike konnotasjonar knytt til kvart omgrep, er det noko underleg at vestlendingane, som elles er så stolte over og glade i nynorsken, går med på at omgrepet brukast på ein slik tilsynelatande negativ måte. Men her vil eg presisere at det tradisjonelle og rurale ikkje nødvendigvis er oppfatta som noko negativt når det er snakk om talemål. I folkelingvistiske utsegner om kva som er god dialektbruk er det jo nettopp dei tradisjonelle, opphavlege, rurale dialektane som er framheva som best, mens bymål og moderne bygdemål ikkje blir vurderte som like gode dialektar (sjå t.d. Molde (2007: 98) om ei folkelingvistisk tredeling i "ekte vossamål", "utvatna dialekt" og "knot").

Resultatet av kategoriseringa langs ein eller fleire av desse aksane, er at omgrepa vert nytta om ulike talemål på ulike nivå: På nasjonalt nivå vert omgrepet 'bokmål' nytta når ein snakkar om oslomål og andre austnorske dia-

19. Desse verdikontrastane gjeld også for omgrepsbruken i Sauda der saudamålet både kan vere 'nynorsk', 'bokmål' eller ei blanding av dei to. Det er greitt å sjå at det er ein viss samanheng mellom a) det tradisjonelle, før-industrielle talemålet, dei opphavlege innbyggjarane med ruralt levesett, og varietetten dei kallar 'nynorsk' og b) dei nye innflyttartalemåla, dei nye innbyggjarane med urbant levesett, og varietetten dei kallar 'bokmål'.



lektar, i kontrast til 'nynorsk' som vert nytta om vestnorske dialektar. På regionalt nivå vert omgrepet 'bokmål' nytta når ein snakkar om bymål, i kontrast til 'nynorsk' som vert nytta om bygdemål. På det lokale nivået vert omgrepet 'bokmål' gjerne nytta om ein moderne versjon av talemålet, i kontrast til 'nynorsk' som vert nytta om ein tradisjonell versjon av det same talemålet. (Talemål som kategoriserast som 'bokmål' er såleis ikkje geografisk *umarkert*, men har ulik geografisk tilknytning på dei ulike nivåa.) På idiolektisk nivå vert omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' nytta for å beskrive individuell akkommodasjon mot andre talemål.

Når ein kan bruke kontrasten 'bokmål' og 'nynorsk' om forskjellar på nær sagt alle nivå av det norske språksamfunnet, vert ikkje denne omgrepsbruken særleg språkleg presis. Likevel er det desse omgrepa mange vestlendingar bruker for å karakterisere talemål. Eg meiner at informantane nyttar desse omgrepa om talemål fordi dei då både kan seie noko om språklege og verdimesige tilhøve mellom talemåla. Eit døme er at ein som seier han sjølv "snakkar nynorsk" seier noko om talemålet sitt i kontrast til andre sitt talemål, men *samstundes* seier han kva slags verdisett han vil verte assosiert med. Eit anna døme er at ein som seier at "dei snakkar bokmål i Bergen" seier noko om korleis dei snakkar i Bergen, men *samstundes* seier han at han tenkjer på Bergen som ein moderne og urban stad, kanskje i motsetning til der han sjølv bur.

Eg meiner at det er kombinasjonen av verdisett/konnotasjonar og språkleg likskap mellom talemål og skriftspråk som gjer at informantane synest det passar godt å bruke omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' når dei skal karakterisere talemålsvarietetar. Denne omtalen av talemål er vanleg på Vestlandet fordi vestlendingar har god kjennskap til språklege og verdimesige ulikskapar mellom bokmål og nynorsk. Eg meiner at omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' vert brukte fordi begge omgrepa inneheld konkrete språktrekk og konnoterer kulturelt nedarva verdier.

## Avslutning

'Bokmål' og 'nynorsk' er i offisiell språkbruk omgrep for dei to norske skriftspråka. I daglegtale bruker ikkje-lingvistar ikkje berre omgrepa om skriftspråk, men òg for å karakterisere norske talemål. Min analyse, som er inspirert av folkelingvistikk, har vist at bruken av omgrepa 'bokmål' og 'nynorsk' er avhengige av konteksten. Omgrepet 'nynorsk' vert brukt om vestnorske, rurale, tradisjonelle dialektar, mens omgrepet 'bokmål' vert brukt om austnorsk, oslomål, vestnorske bymål og moderne bygdemål. Omgrepsbruken er difor ikkje så presis når det gjeld å omtale konkrete språktrekk, men får meining ut frå

samtalekonteksten. Eg har analysert utsegnene slik at det ikkje primært er formell språkleg likskap med skriftspråka, men ein kombinasjon av konkrete språktrekk og konnotasjonar til verdisett som er avgjerande for om eit talemål får merkelappen 'bokmål' eller 'nynorsk'.

## Litteraturliste

- Brunstad, Endre. Personleg kommunikasjon, 03.04.2013, e-post til randi.neteland@lle.uib.no.
- Danielsen, Roger 2005. *Schnakkes: ord og uttrykk fra Narvik*. Narvik: R. Danielsen.
- Doublet, Maria-Rosa Raphaëla 2012. Bare fra Bergen, eller fra Fana i Bergen? – en intern språkkrig mellom bergensvarietetene. Upubl. mastergradsavh., Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, Universitetet i Bergen.
- Enger, Hans-Olav og Kristian Emil Kristoffersen 2000. *Innføring i norsk grammatikk: morfologi og syntaks*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Evenås, Magne Ivar, og Georg Melien 2012. *Haltdalingen i ord og bilder*. Haltdalen: G. Melien og M. Evenås.
- Gabrielsen, Finn 1984. *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. Oslo: Novus forlag.
- Hagen, Jon Erik 1988. Bergensmåletets fleksjonsmorfologi. *Talemål i Bergen*, 4, 39–137.
- Hernes, Reidunn 2006. Talemål i endring?: ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os. Upubl. doktorgradavhandling, Universitetet i Bergen.
- Hernes, Reidunn 2012. Bokmål eller nynorsk – er det spørsmålet? *Maal og Minne*, 104 (2), 56–90.
- Hoel, Oddmund Løkensgard 2009. Måltreising og modernisering i Noreg 1885–1940. Upubl. doktorgradsavhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Hårstad, Stian 2010. Unge språkbrukere i gammel by – en sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim. Doktorgradsavhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Jahr, Ernst Håkon og Brit Mæhlum 2009. *Norsk lingvistisk tidsskrift. Tema: Standardtalemål?*, 27(1).
- Kjøll, Georg 2013. *Språkfilosofi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kulturvernavdelingen, Kulturdepartementet 2007. Forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar. 1. april 2007, nr. 378, [finst på nettjenesten

- Lovdata, <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-04-01-378>]
- Molde, Else Berit 2007. Knot: omgrepet, definisjonane og førestellingane. Upubl. mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Mæhlum, Brit 2007a. Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 27 (1), 7–26.
- Mæhlum, Brit 2007b. *Konfrontasjoner: når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Neteland, Randi 2014. Innflyttertalemåls innvirkning på talemålsendringer i industristeder. *Maal og Minne*, 106 (1), 1–66.
- Neteland, Randi 2014. Koinéforming av industristedtalemål. En sosiolingvistisk studie av språkutviklingen i Sauda og Årdal de siste hundre årene. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Niedzielski, Nancy A. og Dennis R. Preston 2000. *Folk linguistics*. Berlin: de Gruyter.
- Nilsson, Stig 2010. *Belle 'kje å hæl mæ*. Kristiansund: Undine as.
- Noregs Mållag 2002. *Årsmelding 2001–2002*. Oslo: Noregs Mållag.
- Noregs Mållag 2012. *Årsmelding 2011–2012*. Oslo: Noregs Mållag.
- Papazian, Eric 2001. Bokmål som talemål. *Språklig samling*, 4, 6–9.
- Papazian, Eric 2012. Norge – riket uten rikstalemål? *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 1, 50–115.
- Preston, Dennis 2002. Language with an attitude. I J. K. Chambers, P. Trudgill og N. Schilling-Estes (red.) *The handbook of Language Variation and Change*. Oxford: Blackwell Publishing, 40–66.
- Røsstad, Rune 2008. *Den språklege røynda : ein studie i folkelingvistikk og dialektendring frå austre Vest-Agder*. Oslo: Novus forlag.
- Røyneland, Unn 2005. Dialektnivellering, ungdom og identitet: ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset. Upubl. doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Sandøy, Helge 2007. Standardtalemål? Ja, men...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 27 (1), 27–46.
- Skolseg, Ellen 2001. Problemer med å bruke bokmål som navn på talemål. *Språklig samling*, 3, 7–10.
- Solheim, Randi 2006. Språket i smeltegryta: sosiolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger. Upubl. doktorgradsavhandling, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.
- Stokstad, Ingunn 2007. Talemål og livsverd: ein aldersavgrensa populasjonsstudie blant ungdomar i Aurland i Sogn. Upubl. mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Utter, Harald 2010. Å leve med fabrikkens puls - En studie av hagebyen Åbøbyen i Sauda og industriarbeiderne som bodde der i perioden 1960 til 1980. Upubl. doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Verlo, Jorunn Kittang 1993. Holdningar til nynorsk og bokmål som skulemål i Måløy og Høyanger: ei språkhistorisk og språksosiologisk gransking. Upubl. hovedfagsavh., Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Vikør, Lars S. 2007. Begrepet standardtalemål – forsøk på ei opprydding. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 27 (1), 49–66.
- Villanger, Silje 2010. “Da hadde vært litt kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år”: ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden. Upubl. mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Vulchanova, Mila, Tor A. Åfarli, Maria Asbjørnsen, Valentin Vulchanov 2014. Flerspråklighet i Norge: en eksperimentell språkprosesseringsstudie. I E. Brunstad, A. K. H. Gujord og E. Bugge (red.). *Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald*. Oslo: Novus.